

Nordfjord Golfklubb Årsmelding for sesongen 2005.

Årsmøte 27.01.2006



Flott bru! Dugnadsgjeng: Dagfinn (brubbyggjar), Elias og Tore

Årsmøte 27. januar 2006, sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under protokollen.
3. Styret si årsmelding.
4. Rekneskap og budsjett.
5. Arbeidsplan for 2006
6. Baneandelar, regulering av vedtekter.
7. Val av leiar.
8. Val av styremedlemar, 2 varamedlemar og komitérepresentantar.
9. Eventuelt.

Styret i 2005

Leiar : Kent Roger Tryggestad
Nestleiar : Tom Skjerven
Sekretær : Knut Rønnestad
Kasserar : Helge Haugland
Styremedlem : Dagfinn Gjerde
Styremedlem : Åse Skaugseth
Styremedlem : Grunneigarar:
Gitta sas ter Stege
Svein Fjørtoft

Vara : Tove Skau
Vara : Torbjørn Jacobsen

Styremøte er halde jamleg gjennom heile året.

Valprotokoll 2003 – 2005:

Gruppe	Verv	2003	2004	2005	På val
Styre	Leiar:	Kent Tryggestad	Kent Tryggestad	Kent Tryggestad	2006
	Nestleiar:	Tom Skjerven	Tom Skjerven	Tom Skjerven	2007
	Sekretær:	Knut Rønnestad	Knut Rønnestad	Knut Rønnestad	2007
	Kasserar:	Pål T. Jakobsen	Pål T. Jakobsen	Helge Haugland	2007
	Medlem:	John M. Garlid	John M. Garlid	Dagfinn Gjerde	2007
	Medlem:	Åse Skaugseth	Åse Skaugseth	Åse Skaugseth	2007
	Medlem:	Grunneigarar	Grunneigarar	Grunneigarar	
	Vara:	Tove Skau	Tove Skau	Tove Skau	2006
	Vara:	Torbj. Jacobsen	Torbj. Jacobsen	Torbj. Jacobsen	2007
Grønt kort Handikap kom.	Leiar:	Dagfinn Gjerde	Dagfinn Gjerde	Dagfinn Gjerde	2007
		Knut Rønnestad	Knut Rønnestad	Knut Rønnestad	2007
		Kent Tryggestad	Kent Tryggestad	Kent Tryggestad	2007
Marknads- gruppe	Leiar:	Tom Skjerven	Tom Skjerven	Bjørn Lien	2007
		Oddvin Hansen	Rune Sunde	Rune Sunde	2006
		Helge Haugland	Helge Haugland	Helge Haugland	2006
		Kari Hjelmeland	Kari Hjelmeland		

Bane-komit�	Leiar:	John M. Garlid Per Bergheim Ivar B. Nord Dagfinn Gjerde Grunneigarar	John M. Garlid Per Bergheim Ivar Bjarte Nord Dagfinn Gjerde Svein Fj�rtoft Stephan ter Stege	Dagfinn Gjerde John M. Garlid Elias Nes Per Bergheim Ivar Bjarte Nord Svein Fj�rtoft Gitta ter Stege	2007 2006 2007 2006 2006
Sports-komit�	Leiar:	Knut R�nnestad �ystein Nesse Jan Skogstad Torodd Nord Torbj. Jakobsen	Knut R�nnestad �ystein Nesse Jan Skogstad Torodd Nord Torbj. Jakobsen	Jan Skogstad Knut R�nnestad Tore Naustdal Torodd Nord Torbj. Jakobsen	2007 2007 2007 2007 2007
Dame-komit�	Leiar:	�se Skaugseth Torill Fj�rtoft Tove Skau	�se Skaugseth Torill Fj�rtoft Tove Skau	�se Skaugseth Torill Fj�rtoft Tove Skau Gitta ter Stege	2006 2006 2006 2007
Idrettsr�det		Torill Fj�rtoft	Torill Fj�rtoft	Torill Fj�rtoft	2007
Revisor		Rune Totland	Rune Totland	Rune Totland	
Valnemnd	Leiar:	Reidun Nesse Per Jan Nesbakk �ystein Nesse	Erling Hjelle Per Jan Nesbakk �ystein Nesse	Erling Hjelle Per Jan Nesbakk Einar M. Sandven	2006 2007 2007

Medlemar

I 2005 enda medlemstalet p  1260 medlemar. V r daglege leiar, Gitta ter Stege, har gjort ein sv rt god jobb med oppf lging av medlemsmassen. Rask service viser seg   vere ein viktig faktor for mange av medlemane, som  r etter  r melder seg inn i Nordfjord Golfklubb.

Dagleg leiar sin rapport om sesongen 2005:

Generelt arbeid:

Det meste av kontorarbeidet konsentrerer seg fr  15. januar til rundt 1. juli. Arbeidet består for det meste av handtering av medlemar i medlemsregisteret, utsending av faktura / gr ntkort / handicapkort / medlemskort. Mesteparten av kommunikasjonen f reg r per mail og telefon.

Andre oppg ver som eg i stikkordsform har tatt meg av:

Gr ntkortarrangement, kn ttegolf, golf i skulen, annonsering, utleige-utstyr, kontroll av betalt greenfee, oppf lging av dei som er tilsett for   utf re klipping etc.

Heldigvis er det god st tte   f  fr  Knut med medlemsregisteret n r det trengs. Knut st r ogs  p  n r det gjeld nettsidene og hjelper ogs    lage tekstar til annonser. I samband med turneringar har det vore eit godt samarbeid mellom sportskomiteen og meg.

Helge er til st tte og hjelp med rekneskapet. Vi har kontakt minst 1 gang i veka.

Gr ntkortkurs:

Tonje og eg har funne ein grei m te   k yre gr ntkortkurs p . Eg gjer det f rebuande arbeidet og Tonje underviser. Eg st r ogs  for tilrettelegging av den praktisk oppspelspr va. I 2005 heldt vi 5 gr ntkortkurs.

Damegolf:

Damene har ikkje vore særskilt aktive i 2005. Årsaka er vel utbygging av bana og at det ikkje blei lagt opp til faste aktivitetar. Elles stiller damene fint opp med dugnadsarbeid. Stor takk til Åse frå meg. I 2006 skal vi lage ein timeplan for damegolf også, med særleg fokus på å invitere nybyrjarar.

Skulegolf:

Skulegolffen har blitt ein stor suksess. Flesteparten av ungane som deltok, var allereie kjent med golf via familie. Fleire deltok på grøntkortkurs etterpå. Så mange som 9 barn fikk bestått grøntkort i år. Kontakta med skulane skal halde fram også i 2006.

Knøttegolf:

Oppmøte på knøttegolffen har vært litt avhenging av været. I mai hadde vi opptil 20 barn på bana på tysdagane. Mange av ungane var også med på skulegolf. Alle hadde det moro og tiltaket vil halde fram i 2006.

Tilsette:

Øystein Grov og Olav Ommedal har vore veldig flinke med klippearbeidet. Dei fikk mykje ros for ei fint klipt bane gjennom heile sesongen. Eg kunne ønskje meg eit enno betre samarbeid med banekomiteen. Eg har kontakt med gutane nærast kvar dag og kan vidareformidle instruksar frå banegruppa.

Det fører til store frustrasjonar når klippeutstyret ikkje fungerer som det skal, og eg ber difor styret om å prioritere å få opp kvaliteten på utstyret.

Kontakt med styret og komiteane:

Eg stiller på kvart styremøte, men er også villeg til å hjelpe komiteane med ymse arbeid. Som dagleg leiar vil eg få eit betre utgangspunkt for arbeidet, om eg får god informasjon om kva som er planlagt for komande sesong. Komiteane må gjerne kalle meg inn til møter.

Elles vil eg takke alle for eit triveleg samarbeid i 2005 og takkar for alle som stiller på når det trengs. Tusen takk for hjelpa ! Eg er viss på at det gode samarbeidet vil halde fram også komande sesong.

Gitta ter Stege
dagleg leiar

Marknadsgruppa

Marknadsgruppa har merka at det er ein pressa sponsormarknad og at det er vanskeleg å få med seg dei sponsorane som ein kan forvente har interesse av å støtte golfklubben på Eid. Marknadsgruppa melder om økt optimisme for 2006- sesongen.

Rapport frå banekomiteen:

Banegruppa sitt fyrste møte fant stad på golfbana 2. januar. Bana var fri for snø og gruppa nytta høvet til å spele på provisoriske greenar. Denne dagen vart også planen lagt for dugnadsarbeidet sesongen 2005.

Dugnadssesongen starta med rydding av skog i nærleiken av greenane. For at graset skal trivast trengs det både lys og luft og med 9 nye greenar som stod klar til å byrje spiring var dette eit arbeid som måtte prioriterast.

Nye vegstubbar vart også laga, blant anna vegen ned skråninga frå utslag 1 og vegen frå utslag 7 og ned til kanalen. Det var gravd eindel grøfter for å redusere problem med overflatevatn. Overflatevatn hadde også herja med bunkerane i løpet av vinteren og oppbygging av bunkerkantane til alle bunkerane vart også eit prioritert arbeid.

Ved green nr. 9 viste det seg fort at området bak kanalen var for lite til at vi kunne få klipt greenen på ein formålstenleg måte. Kanalen blei flytta nokre meter sørover.

Fairwayen foran green nr. 4 hadde fått stygg medfart av anleggsarbeidet året før, og her vart det ein god del rydding og såing som måtte til for å få tilfredsstillande bane. Lysninga i skogen på hol nr 6 var noko smal og det blei bestemt å utvide fairwayen noko. Den nye banelayouten fordra 2 nye bruer over kanalen. Som vanleg vart Dagfinn sett på saka og han designa dei 2 vakre bruene som blei sett på plass i fjor (sjå bilete 1. side). Nokre av utslagsrampane hadde i 2004 fått brannskade etter at kveps hadde funne ut at i utslagsrampar... jau der er det ein fin plass å bygge bol ! Det blei bygt nye rampar for å erstatte tapet.

Alt arbeidet som blei utført på bana i 2005 vart utført av berre ein handfull lokale medlemmar. Banekomiteén vonar at fleire blir med og drar lasset no når vi går mot ny sesong. Sjølv so tidleg på året har nokre av dei ivrigaste starta dugnadsarbeidet med rydding av skog (sjå bilete på sistesida). For alle som vil er det berre å stille på laurdagane frå kl. 10, dersom det er nokolunde godt vær. Følg med på nettsidene, der finn du meir informasjon om dugnadsarbeidet. Når det vert lysare om kvelden vil dugnadane bli flytta til kveldstid på ein fast yrkedag.

Benekomiteen

Aktivitetar

Maurstad open og opning av 9- holsbana i stikkenes golfpark:

Søndag 14. august vart dei 9 nye greenane opna til "Maurstad open". Denne konkurransen markerte den offisielle opninga av 9- holsbana i Stokkenes Golfpark, og Nordfjord Golfklubb hadde invitert sjølvaste Toralv Maurstad til å føreta den høgtidlege opninga. Toralv gratulerte golfklubben

med den fine bana og takka for at Nordfjord Golfklubb gav han dette ærefulle oppdraget. Med glimt i auget sa han at far Alfred har berre ein "liten" park på Eid, medan at han sjølv har ei heil golfbane ! Nordfjord Golfklubb fikk mykje skryt for den nye 9- holsbana og gjestespelarane treivst på dei nye greenane.

Fylkesmeisterskapen:

Det blei ikkje den heilt store dagen for Nordfjord Golfklubb under Fylkesmeisterskapen i golf som blei arrangert i Selje 4 september. Nordfjord Golfklubb stilte med fem spelarar; Tore Naustdal, Dagfinn Gjerde, Elias Nes, Helge Haugland og Øyvind Bjørlo. Helge Haugland blei beste eidar og kom med sine 91 slag på ein delt sjuande plass.

"Hole in one"

Styret vil gratulere Jens Kongsvoll som den fyrste som klarte "hole in one" på nyebana. Dette skjedde 12. juli 2005, kl. 19:07, på hol nr. 5 (sjå bilete på sistesida).

Skramblebytta

Søndag 5. juni gjekk den årvisse Skramblebytta av stabelen. Jan Skogstad, Alexander Telvik, Arve Nøstdal og Per Bergheim vann konkurransen fire slag under par og var eit slag føre Helge Bruvoll, Anita Nøstdal, Wilhelm Tangerud og Torbjørn Halnes. Det vart ikkje plass til alle ballane i pokalen og Jan Skogstad, med sine 3 ballar, vant pokalen til odel og eige ! Ny pokal blir sett opp i 2006.

Klubbmeisterskapen:

Nordfjord Golfklubb arrangerte ope klubbmeisterskap i Stokkenes Golfpark søndag 18.09.2005. Vér- gudane varta opp med høljeregn heile dagen og det var ikkje enkle forhold på golfbana denne dagen. Bana heldt ganske bra trass i dei store nedbørsmengdene, men det var vanskeleg å halde utstyret tørt i det ufyselege véret. Det møtte 23 deltakarar frå 4 klubbar; Nordfjord GK, Vanylven GK, Selje GK og Volda GK

Klubbmeisterskapen vart spanande. I herreklassa måtte det omspel til for å kåre klubbmeisteren. Tre deltakarar hamna på 85 slag og etter fyrste omspelshol gjekk Helge Haugland av med sigeren. Delt sølvmedalje til Per Lindroth og Tore Naustdal.

I klasse junior gut vart det siger og gullmedalje til Øyvind Bjørlo med fantastiske 87 slag. Øyvind slo mange av sine eldre klubbkameratar og Eid har kanskje fått ein ny "Tiger Woods" i sine rekker ?

I seniorklassa vart det kiving mellom Per Jan Nesbakk og Elias Nes. Etter oppteljing viste det seg at Per Jan vant med fattige 2 slag og sikra seg dermed gullmedaljen. (Sjå bilete av klubbmeistrane på sistesida).

I den opne delen av konkurransen, er det den store vandrepokalen "Golf-aren" som er det gjeve trofeet. Pokalen har gått sidan 2000- sesongen og går til den spelaren som fyrst får tre napp i pokalen. Det stilte seg stor spenning til, om dei beste lokale golfarane kunne stille opp mot den store førehandsfavoritten Petter Bortne frå Selje. Petter var den einaste deltakaren med 2 napp i pokalen og kunne dermed få den til odel og eige. Det viste seg snart at ingen kunne stille opp mot Petter som vant pokalen med 73 slag. Til neste år vert det sett opp ny vandrepokal.

Resultatliste klubbmeisterskapen 2005:

Herrar

<u>namn</u>	<u>resultat</u>	<u>plass</u>	<u>medaljar</u>
Helge Haugland	85	1	gull
Per Lindroth	85	2	sølv
Tore Naustdal	85	2	sølv
Dagfinn Gjerde	88	4	
Jan Skogstad	88	4	
Trond Kroken	94	6	
Alf Werner Karlsen	101	7	
Jens Kongsvoll	103	8	
Arild Hjelmeland	106	9	
Stig Høyenes	108	10	
Gunnar Olsen	109	11	

Herrar senior

<u>namn</u>	<u>resultat</u>	<u>plass</u>	<u>medaljar</u>
Per Jan Nesbakk	94	1	gull
Elias Nes	96	2	sølv
Øystein Nesse	br.		

Junior gut

<u>namn</u>	<u>resultat</u>	<u>plass</u>	<u>medaljar</u>
Øyvind Bjørlo	87	1	gull

Formannen har ordet:

I 2005 nådde vi det endelige målet med å få slope av bana. Dette kom på plass utan merknader og med mange lovord frå rating- komiteen. Så no er ein stor del av jobben gjort!

I august hadde vi offisiell opning av Stokkenes Golfpark med Toralv Maurstad som snorklipper. Dette var ein stor dag i klubbens historie. Vi har også vore so heldige å få nytte namnet til Toralv og vi håpar at "Maurstad Open" blir ein fast tradisjon. Vi fikk i alle fall mange gode tilbakemeldingar på fjorårets turnering.

Jobben framover blir å halde standarden oppe og få fleire til å nytte det flotte anlegget.

På grunn av noko svikt i inntektene kom vi ut med underskott i 2005, så styret må framleis køyre ei stram line med utgiftene. Vi har behov for ein del nye maskiner og det blir ei utfordring for årets sesong.

Elles er "Golfbygget AS" i full gang med å sette opp et flott bygg på Stokkenes. Dette blir ei viktig opprustning av heile området og er veldig positivt. Vi må nok rekne med at arbeidet vil halde fram til ut i august, men vi håpar dette ikkje fører til alt for store problem i sesongen. Det er særlig parkeringstilhøva som kan bli noko reduserte ein periode.

Eg ønskjer alle lukke til med ein ny god golfsesong "

*Golfhelsing
Kent R. Tryggestad
styreleiar*

Knut Rønnestad
sekretær

Biletgalleri frå sesongen 2005:



Stolte klubbmeistrar: Øyvind, Helge og Per Jan



Frå opninga: Svein, Toralv og Kent



Jens sitt "hole in one"



Tilfreds slope-ratar frå forbundet



Dugnadsarbeidet 2006 er godt i gang !